



Dønhaugkjedlaren har den ramma som skal til for å skapa rett atmosfære.

I kveld, fredag, vert det pubkveld i Dønhaugkjedlaren frå kl. 20 til kl. 24. Når vi skriv om dette i eit innlegg og ikkje berre ein notis, så det lenge sidan dette har vore prøvd i Uskedalen. I eit idemøte Uskedal utvikling hadde med dei som driv næring, kom det fram ein tanke om få til ei samling i puben på Dønhaug. Magne Huglen er positiv til det og vil prøva det når elles lokalet er ledig og det ikkje er andre gjester som leiger heile huset.

Vi er kjende med Herøysundet som har faste samlingar i Grendahuset den siste fredagen i månaden. Dette er eit positivt tiltak der ein møtest i eit sosialt miljø og snurrar plater.

Forsøket på Dønhaug i kveld vil syna om det er nok interesse til at dette er noko som vil halda fram. Magne Huglen vil at det skal vera ein pubkveld i engelsk stil med prat og god drikke. Dersom nokon vil ha litt engelsk og irsk pubmusikk i bakgrunnen, så er CD spelaren klar.

Velkomne til ein gild kveld på Dønhaug i kveld, fredag frå kl. 20. På Facebook les vi at det alt har meldt seg rundt 15 interesserte. Hiv dykk rundt og ta turen til ein uformell kveld i eit dertil eigna pubmiljø.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Dønhaug Gjestegard